

**Fra:** Helge Dragøy <dragoey@online.no>  
**Sendt:** mandag 20. desember 2021 17:56  
**Til:** Post Austrheim  
**Kopi:** aage@ksaetre.no; arleikvo@online.no; anne.mongstad@online.no  
**Emne:** Merknad til nabovarsel oppføring av veg, vatn, avløp o.l 142/209

Hei,

Viser til nabovarsel sendt 09.12.2021 og mottatt 14.12.2021

Kan framleis ikkje sjå at nabovarselet er gyldig på bakgrunn av følgende:  
Me kan framleis ikkje sjå at det føreligg godkjent reguleringsplan for Åråshaugen / Austrheim Kommunesenter.  
Dette må de vere venleg å dokumentere før me eventuelt kan ta stilling til dette nabovarselet.  
På nordhordlandskart.no er vedtak i kraft meir ein kladd enn noko som liknar eit skikkelig dokument og viser ikkje detaljar for godkjenning og riktig saksgang.

Her er mykje dokument som manglar.  
Austrheim Kommune har følgende informasjon om kva som skal ligge i digitalt planarkiv:

## **Aktuelle dokument som inngår i digitalt planregister:**

- Plankart
- Føresegner
- Planomtale (inkludert konsekvensutgreiing og ROS-analyse)
- Illustrasjonar/vedlegg (rettleiande eller juridisk bindande gjennom føresegner)
- Saksframlegg til politisk behandling
- Vedtak ved sluttbehandling (inkludert avgjersle ved eventuell motsegn/klage)

Fleire av desse dokumenta manglar og før me kan ta stilling til dette nabovarselet må desse vere på plass.

Vil samstundes be om ein plan for området de no skal utvikle.  
Det er etter vårt syn særst viktig at bebuarane i området vert informert om kva planane er.  
Reknar og med at dette er av Austrheim Kommune sin interesse.

Utklipp frå kommunestyremøte 23.09.2021:

"

*Om status ROP-bustader/Åråshaugen omsorgsbustader, ved kommunalsjef helse og omsorg, Monika Kvamme:*

- *Prosjektet har no namnet Åråshaugen omsorgsbustader. Frå administrasjonen jobbar Asbjørn Toft, Rolf Henning Myrmel og Monika Kvamme med prosjektplan og mandat.*
- *Har rydda tomte, som er på toppen bak kommunehuset, på austsida.*
- *Link Arkitekt startar i veke 40 med teikning av bygga, teikningane klare i løpet av oktober.*
- *Er i kontakt med Husbanken for å få finansiert noko gjennom dei.*

*Rikke Heldal Hope spurte om nærleiken til barnehage og skule. Monika Kvamme svara at det er lite tilbod om ROP-teneste i Austrheim, og kommunen må planlegga med større bemanning på dette. Dei som flyttar inn der vil krevja ulike typar tenester."*

Samtidig kan ein jo undre seg prioriteringa til Austrheim Kommune, då ein i følge utsendt kladd av kart og dei føresegnene ein finn at det er eit område ferdig regulert til omsorg med veg, vatn og kloakk tilknytta som ikkje vert vurdert.  
Ref område B2.

Mvh  
Nina Uthaug og Helge Dragøy  
Sætrevegen 223,  
5936 MANGER